

# **ODDA FJELLSTYRE**



## **ÅRSMELDING 2019**

## *Innhald*

Ullensvang statsallmenning .....	3
Odda fjellstyre 2016-2019 .....	3
Hardangervidda fjelloppsyn .....	4
Fjellstyrehytter.....	4
Utleige av fjellstyrehyttene.....	4
Villreinjakt.....	5
Økonomi .....	7

## Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Odda kommune og Ullensvang herad, og er på 819 km<sup>2</sup>. Delen av statsallmenningen som ligg i Odda kommune utgjer om lag 308 km<sup>2</sup>.

## Odda fjellstyre 2016-2019

Medlem:	Vara:
Eivind Tokheim (leiar)	Audun Kvandal
John Helge Rasmussen (nestleiar)	Jarle Vangen
Mariann Nordstoga Berge	Jan Ove Vintertun
Britha Sandal	Bjørn Buer
Ørjan Angell	Oddrun Løyning

Fjellstyret hadde i 2019 fire møte. Det blei handsama 27 saker.

### Hyttekafé

Fjellstyret arrangerte ein «hyttekafé» i kommunestyresalen 28. mars, der utleigeordninga for fjellstyrehyttene blei diskutert. På grunnlag av innspela på møtet og drøfting i fjellstyret blei det laga til ei ordning for fordeling av hytteleige som i større grad sikrar at nye leigetakarar har førerett før dei som leide i fjar når det er stor etterspurnad etter hytta.

### Uthus ved Bjørnavassbu

Fjellstyret fekk løyve til å bygge uthus ved Bjørnavassbu våren 2019. Det blei frakta inn material til grunnmuren seint på vinteren, og grunnmuren blei sett opp i juni. Arbeidet er gjort på dugnad. Resten av bygget er planlagt sett opp i løpet av 2020.

### Belebu

Belebu blei beisa i løpet av sommaren 2019.

Fjellstyret har oppretta heimeside under felles portal med dei andre fjellstyra på Hardangervidda: [www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no). Heimesida er nyttå til å informere om vedtak gjort av fjellstyret, samt reinsjakt og hytteutleige. Fjellstyret nyttar også Facebook aktivt til å informera om reinskort, hytteutleige og anna.

Representantar i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning: Eivind Tokheim (nestleiar i 2019), John Helge Rasmussen, Ørjan Angell

Representant i villreinutvalet: Ørjan Angell

Styremedlem og nestleiar i Fjellstyra på Hardangervidda: Eivind Tokheim (vara John Helge Rasmussen)

## Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Odda fjellstyre har frå og med mai 2017 leigd sekretærtenester frå HF. Sekretærtenestene har blitt utført av Steinar Lund.

## Fjellstyrehytter

Odda fjellstyre har tre hytter i statsallmenningen: Belebu ved Kvennsjøen, Bjørnavassbu ved Nedsta Bjørnavatnet og Langavassbu ved Langavatnet.

### Utleige av fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene blir leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv, hovudsakleg i sommarhalvåret. Fjellstyret har hatt ein søknadsfrist for leige midt på sommaren, og ein søknadsfrist for leige i reinsjakta. Kven som får leige blir avgjort ved trekking når det er fleire som ynskjer å leige i same perioden. Dei som fekk leige året før stiller sist i køen når det er stor etterspurnad etter hytta.


Hytteblei leigd ut for 100,- per seng/døgn (50% meir for utanbygdsbuande). Hytteleiga utgjorde 67.600,- i 2019. Det er god auke frå 2018 (37.300,-). Belebu er svært populær om sommaren, medan Bjørnavassbu blir mest brukt i reinsjakta.

	<b>Omsetnad 2019</b>	<b>Omsetnad 2018</b>
<b>Belebu</b>	kr 37 700	kr 24 440
<b>Bjørnavassbu</b>	kr 29 000	kr 11 800
<b>Langavassbu</b>	kr 900	kr 1 060
<b>SUM</b>	<b>kr 67 600</b>	Kr 37 300

## Villreinjakt

Villreinkvota for Hardangervidda i 2019 blei sett til 6035 vaksen bukk (2,5 år eller eldre), med jakttid 10. august til og med 22. september.

Fredingssonene på Ullensvang statsallmenning gjaldt i perioden 10. august til og med 15. september. Frå og med 16. september og ut jakta var fredingssonene oppheva.





Det var samjakt med dei private valda i Ullensvang og Odda for jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning frå og med 2. september og ut jakta. Det var også samjakt med Røldal fjellstyre frå og med 9. september og ut jakta.

### Fellingsresultat


Odda fjellstyre var tildelt ei kvote på 191 kort. Det blei felt 90 dyr på Odda fjellstyre sine kort. Det gir ein fellingsprosent på 47,1%.

Korta blei seld for 1900,- (dobel pris for utanbygdsbuande). Det blei seld 179 kort. 157 av korta blei seld til innanbygdsbuande, 22 til utanbygdsbuande. Samla omsetnad var 369.400,-.





Figur 1. Posisjonar frå merka dyr i jakta 2019.



Figur 2. Fellingsprosent HA 281 Ullensvang statsallmenning 2005-2019.

## Økonomi

Fjellstyret hadde i 2019 ein omsetnad på 503 781,-. Utgiftene var på 324 834,-